



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fræna kommune
Rådhuset
6440 Elnesvågen

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2018/1530	25.06.2018	76037/2018/KOMMUNEPLAN/1548	Johnny Loen, 71 28 02 43	03.09.2018

Fræna kommune - kommuneplan - samfunnsdel - Hustadvika kommune - fråsegn til planprogram og varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

INNLEIING

Framlegget til planprogram bygger på, og har gode referansar til vedteken planstrategi. Det er lettlest og godt organisert, og såleis eit godt utgangspunkt for endeleg vedtak. Vi har nokre merknader til supplering og endring.

MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

Planfaglege merknader

Oppsettet er lettleselig og logisk organisert. Det er gode tilvisingar til overordna føringar og til arbeidet med felles plastrategi. Tabellen under "Hovudtema" gir eit greit bilde av kva tema ein ønsker diskutere i planprosessen, og kva retning ein har tenkt utviklinga for desse temaa. Kanskje vil det også vere tenleg å synleggjere kva tema som ikkje er sentrale og som ein ikkje ser på som utfordringar i planperioden.

Samfunnsdelen av kommuneplan har ofte eit visjonært preg. Vi har ikkje merknader til det i seg sjølv, men ulempen er like ofte at prosessen ikkje fører fram til reelle prioriteringar, berre gode mål for heile breidda av kommuneoppgåver. Ein bør vere merksam på dette.

Vi er nøgd med at planprogrammet også syner samanhengen med arealplanlegginga, og rår i den samanheng til å drøfta arealbruksstrategiar, legge konkrete føringar for komande arealdelar.

Planprogrammet bør bli noko meir konkret/endrast på to punkt:

- Medverknad: Her bør ein synleggjere i større detalj korleis medverknaden er tenkt, både generelt og retta mot særskilde grupper. Ulike grupper må møtast på ulike plattformar, og for den einskilde kan det vere interessant å førebu seg både på metode og tidspunkt. Næringslivet, kanskje landbruket særskilt, bør nemnast i tillegg til dei andre gruppene. Sjå også nedanfor.

- Kartlegging/utgreiing: Første avsnitt gir inntrykk av at arbeidet med samfunnsdelen sine mål er interne prosessar utanfor offentleg drøfting. Dei tre gruppene som er nemnt i kapitlet, framstår heller som ein del av prosessorganiseringa, og heile avsnittet bør flyttast opp i dokumentet. Gruppene sitt mandat bør vere å "vise moglege retningar i tenesteytinga for sine område, og foreslå strategiske mål".

Vi foreslår også å endre siste setning slik: "Gjennom prosessen kan det kome fram behov for andre utgreiingar enn dei som er vist her".

Vi forslår også at ein etablerer ei lenke til kommunens heimeside, der ein kan legge ned ulike utgreiingar som allereie er gjennomført.

Næringsutvikling

I tabellen som viser framdriftsplanen, er ikkje næringslivet nemnt eksplisitt når det gjeld medverknad. Kommunen bør ha ein tydeleg plan for korleis dei ønskjer å involvere næringsaktørane, ikkje minst med tanke på ambisjonane om fleire arbeidsplassar.

Tettstadutvikling

Arbeidet ein har sett igang med utvikling av Elnesvågen, bør nemnast under lokale føringar.

Barn og unge

I avsnittet om medverknad er barn og unge nemnt. Vi foreslår at ein som eige avsnitt under utfordringstabellen gir nokre konkrete formuleringar om utfordringsbildet i perspektivet til barn og unge, legitimert med ei tilvising til Rikspolitiske retningslinjer.

Folkehelse

Fokus på folkehelseutfordringar i kommunen er vesentlege samfunnsforhold som bør løftast fram i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet synleggjer dette, det er positivt at Hustadvika kommune legg opp til at oversiktsdokumentet (oversikt over folkehelsa) skal vere ein aktivt reiskap i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, også med omsyn til kva for ressursar lokalsamfunnet har til å sette inn i folkehelsearbeidet.

Under hovudtema og sentrale problemstillingar er mellom anna sosiale forskjelar og barnefattigdom nemnt konkret. Ein kunne med fordel utdjupe i kva grupper av innbyggjarane ein særleg ser utfordringar knytt til psykiske helseproblem, einsemd, mistrivsel med vidare.

I framdriftsplanen vert det vist til kva for grupper som kommunen tenkjer skal medverke i planprosessen. Her saknar vi nemnt kommunen sine eigne råd for eldre, for likestilling av funksjonshemma og for ungdom.

Miljø og klima

Med unnatak for klima, er miljø ikkje vurdert som utfordringar i kommunen. Dette kan sjølvstakt diskuteras, og vi viser til merknad ovanfor om å synleggjere kva som ikkje er utfordring og grunngivinga for dette.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Vi har ikkje særskilte planfaglege merknader, men forventar at plandokumentet er systematisk sett opp, og med gode referansar til underliggende materiale. Vi har gode røymsler med at den politiske delen av dokumentet (mål og strategiar) vert skilt ut som eige dokumentdel, og at det faglege underlaget er ein annan del. Planen bør også vise til korleis mål og strategiar skal førast vidare i plan- og økonomisystemet.

Samfunns- og næringsutvikling

Tabellen på side 14 og 15 listar utfordringar og kva kommune skal gjere for å møte desse utfordringane. Utfordringa om «*nedgang i arbeidsplassdekning*» er upresis og

kanskje problematisk. For å sette det på spissen, vil kommunen få ei kraftig betring i arbeidsplassdekninga om dei som arbeider i Molde også flyttar dit.

Det er ikkje eintydig negativt regionalt sett, at mange pendlar ut av kommunen for å arbeide. Det tala for Hustadvika kommune viser, er at kommunen er ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Utviklinga i denne er ikkje omtalt.

Når dette er sagt, har vi sjølvsagt ikkje merknader til at kommunen ønsker fleire arbeidsplassar. Dette kan vere ein fornuftig strategi. Under kapittel 4, viser kommunen til næringsstrukturen i kommunen, og listar opp dei viktigaste næringane i kommunen. Dersm Hustadvika skal auke talet på arbeidsplassar i kommunen, bør samfunnsplanlegginga resultere i ei prioritering av kva del av næringslivet ein bør satse på.

Fylkeskommunen viser for øvrig til våre innspel til planstrategien, særskilt under "kommunalt og regionalt utviklingsarbeid", og "næringsutvikling". Desse innspela er framleis relevante i kommunen sitt vidare arbeid med samfunnsplanen.

Tettstadutvikling

Fræna kommune og Eide kommune samarbeider om å gjennomføre eit parallelloppdrag som skal syne utviklingsmulegheiter for Elnesvågen som kommunesenter i nye Hustadvika kommune. Arbeidet er delfinansiert av Tettstadprogrammet i Møre og Romsdal fylkeskommune og skal slutførast i løpet av hausten 2018.

Parallelloppdraget skal gi ulike løysingsforslag, sørge for brei medverknad og dermed kunne danne grunnlag for framtidige planar. Ei satsing på berekraftig (miljømessig, økonomisk og sosial) tettstadutvikling i kommunesenteret er tenkt å skulle svare ut nokre av utfordringane som er trekt fram i planprogrammet. Det er lagt ned mykje arbeid for å forankre prosjektet, både i kommunen sin eigen organisasjon, og i samfunns- og næringsliv.

Arbeidet med utvikling av kommunesenteret skal ikkje berre påverke utforming av sentrumsområdet; prosjektet har som ambisjon å knyte utvikling av kommunesenteret til utvikling av eiga kommunal verksemd innan blant anna helse/omsorg, skule/oppvekst og kultur/idrett. Næringslivet er integrert inn i prosjektet. Med andre ord brukar ein tettstadutviklingsprosjektet i nye Hustadvika kommune strategisk for å utvikle den nye kommunen. Prosjektet fortener derfor omtale i samfunnsdelen, og er særleg relevant i drøftinga av ein samla arealbruksstrategi.

Kultursektoren

Kultursektoren er ikkje synleggjort som ein del av det prioriterte utfodringsbildet i kommunen, men innanfor dei utfordringar som er lista opp, ser vi at kultursektoren kan medverke til å oppnå mål også innan andre samfunnsområde. Dette gjeld både kulturvern og kulturformidling. Vi rår til at kommuneplanen set kulturfeltet inn i ein slik kontekst, og at ein dermed også kan får konkrete strategiar for fagfeltet.

Folkehelse

Kommunen kan til dømes ha fokus på å legge til rette for gode val for eiga helse i kvardagen og sjå på korleis ein kan skape helsefremjande miljø på ulike arena i lokalsamfunnet for alle aldersgrupper og for personar med ulike ferdigheiter. Det er også viktig å ha fokus på utjamning av sosiale helseforskjellar.

Nokre av folkehelseutfordringane må også svarast ut i arealbruksstrategien.

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene ovanfor og rår til at dei vert drøfta og tekne omsyn til før planprogrammet vert endeleg godkjent.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar:

Samfunns- og næringsutvikling: Rådgivar Øyvind Tveten, tlf. 71 28 03 57

Rådgivar Johannes Brekke, tlf. 71 28 03 74

Tettstadutvikling: Ingvild Gjerdset, arkitekt/rådgivar, 71 28 03 44

Folkehelse: Rådgivar Sigri J. Spjelkavik, tlf. 71 28 03 04

Kopi:
Eide kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal